

SPORT

Topp
prestasjoner
og stor
oppleving:

Stordalsalpinistar fekk møte OL-vinnar



Fekk møte OL-vinnar! Her er ser vi frå venstre Ingrid Busengdal, Aksel Lund Svindal, Andrea Vinje Tøsse og Mathilde Vinje Øvrebust. (Alle foto Stordal Alpin)

Sjolv om sesongen er på hell og dei lokale renna er over for nokre veker sidan, er det enno stor aktivitet blant dei mest ivrige alpinistane frå Stordal Alpin.

Dei tre Stordalsjentene Mathilde Vinje Øvrebust (11), Andrea Vinje Tøsse (13) og Ingrid Busengdal (15) deltok sist helg i det store arrangementet Ski4fun i Hemsedal. Rennet er eit samarbeidsprosjekt mellom Osloklubben Heming, Hemsedal IL og Norges skiforbund. Tanken er å samle mange unge utøvarar saman med World Cup-laga både på dame- og herresida til ei flott sesongavslutning på norsk snø.

Møtte World Cup-stjerner

Arrangementet var svært vellykka med glimrande vær og flotte føreforhold i Såhaugløypa i Hemsedal. I tillegg til renna var det lagt opp til stor bankett på laurdagskvelden med premieutdeling og flotte gåvepremiar, felles middag og avsluttande "talk-show" med våre mest renommerte alpinistjerner. Både Aksel Lund Svindal, Kjetil Jansrud og Lars Elton Myhre deltok i tillegg til Nina og Lene Løseth



Mathilde Vinje Øvrebust vann storslålåmrennet på søndag.

hos damene. Det var ei fin oppleving for dei tre Stordalsloparane å komme så nær innpå verdensstjernene, og utvilsamt ei stor inspirasjonskjelde no på tampen av årets alpinseason.

Stordalsjentene heilt i toppen
I fredagens slålåmrenn stilte Mathilde Vinje Øvrebust i klasse 11 år saman med 26 andre jenter, og tok ein sterk tredjeplass. I søndagens storslålåmrenn gjekk Mathilde heilt til topps etter beste tid i begge omgangane, og vart klar klassevinnar etter ein svært sterk prestasjon.

I klasse 12-13 år slo Andrea Vinje

Tøsse til og gjekk heilt til topps i fredagens slålåmrenn etter knallstrek køyring. 26 jenter stilte til start. I søndagens storslålåmrenn fekk Andrea nok ei pallplassing med ein flott andreplass.

Ingrid Busengdal representerte Stordal i klasse 14-15 år. Etter ein bra sjetteplass i fredagens slålåmrenn, slo ho verkeleg til i søndagens storslålåmrenn med ein glimrande andreplass etter å ha ligge som nummer tre etter første omgang. 36 jenter starta i klassa.

Når vi summerer opp, tok dei tre jentene frå Stordal to før-

steplassar, to andre plassar, ein tredjeplass og ein sjetteplass i dei to renna. Det er liten tvil om at Stordal vart lagt merke til under arrangementet som totalt samla om lag 350 alpinistar.

Avslutning i Sverige

I går reiste 10 loparar frå Stordal til Funäsdalen og 1. majtrofen i Sverige. Dette er eit av verdas største alpinarrangement med nærare 1000 deltakarar. Den svenske toppeliten vil være på plass, og Stordal Alpin er representert med loparar i alderen 10-17 år.

M.T.



Andrea Vinje Tøsse gjekk heilt til topps i slålåmrennet.

FIS-renn

Isiste halvdel av april har Jørgen Vinje Tøsse, Erika Holand Tøsse og Vegard Busengdal frå Stordal Alpin vore opptekne med å køyre ei rekke FIS-renn både i Noreg og Sverige. Her har dei fått høve til å måle krefter med høgt rangerte loparar som Kjetil Jansrud, Aksel Lund Svindal, Lars Elton Myhre, Mona Løseth og Lotte Seiersted.

I desse renna er det mulig for loparane å sjå korleis dei verkeleg ligg an i høve til toppalpinistar. Plasseringane har variert ein grunn, og Jørgen har oppnådd ein 21. og 25. plass i den sterke konkurransen. Vegard har køyrd inn til 26., 28., 34. og 68. plass, medan Erika har køyrd jamne konkurransar med å plassere seg som nr. 14, 15, 17, 19, 23 og 26. Med det har alle tre forbetra FIS-punkta sine.



Saman med World Cup-jenter: Frå venstre Andrea Vinje Tøsse, Nina Løseth, Lene Løseth, Lotte Seiersted, Ingrid Busengdal og Mathilde Vinje Øvrebust.